ÅRSMELDING 2017

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Branson – Born of steel

Branson Norge holder til i hjertet av Nordfjord, på Sandane
Vi har traktorer fra 22-74hk

www.branson-norge.no info@branson-norge.no tlf: 970 34 395

Innhald

2017 ÅRSMELDING

SIDE 4	VELKOMMEN TIL SAMLING
SIDE 6-7	LEIAREN HAR ORDET
SIDE 8-11	STYRET OG TILLITSVALDE
SIDE 12-13	FYLKESSTYRET SITT ARBEID
SIDE 14-15	REKNESKAP OG BUDSJETT
SIDE 16	ØKOVEKA
SIDE 18-19	PORTRETT: KNUT BØYUM
SIDE 20-21	FADDERORDNINGA
SIDE 24-26	MEDIA
SIDE 28-29	STØYLSDAG I GLOPPEN
SIDE 32-33	NYINNMELD OPTIMIST

Omslagsfoto: Runar Sandnes - frå Støylsdagen i Gloppen

Velkommen til Fylkesårsmøte

Kviknes Hotel, Balestrand 17.–18. mars 2018

Laurdag 17. mars

Frå kl 11:00 Innsjekking på hotellet
12:00 Lunsj
13:00 Opning og helsingar
13:30 Framtidas mat- og landbrukspolitikk
Hovudinnleiar: Leiar i NBS Merete Furuberg
Paneldebatt: Steinar Ness (Sp) og Frida Melvær (H)
15:30 Kaffipause
15:45 • Matnyttig – NBS sitt prosjekt om lokalmat v/ Rebekka Bond
• Coop Vest v/ Ronny Sørbotten
Lokalmatprodusentar:
• Torstein Kollevåg – Gloppen BS
• Fjord Gardsmat v/ Grete Helle – Hyllestad BS
18:30 Møteslutt
20:00 Festmiddag

Søndag 18. mars

09:00 Felles samling
10:00 Gjensidige – orientering om forsikringsavtalen
10:30 Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling
12:30 Lunch
13:30 Årsmøte fortset om naudsynt

Vel heim!

SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Ryggekamera-pakke 3.990,- eks. mva
Ryggekamera
Parkeringssensor
Radio Composition Media
ink. App-Connect

Lyspakke 3.990,- eks. mva
LED-lys (Transporter)
Bi-Xenonlys (Caddy)
Regnsensor
Automatisk avblendbar spegel
Coming/leaving home lysfunksjon

Vinterkampanje på Norges mest populære varebilar.

Kjøper du ein ny Caddy eller Transporter no, får du ikkje berre ein bil med gode køyreeigenskapar, fleksible løysingar, høg komfort og det siste innan førarassistentsystem. Du får også kampanjetilbod på Lyspakke og Ryggekamerapakke. Sjå nettsidene våre for fleire gode tilbod, eller sving innom oss for ein bilprat. **Volkswagen Nyttekjøretøy. Norges mest populære arbeidsplass på fire hjul.**

Caddy frå kr 194.590,- eks.mva. Transporter frå kr 320.650,- eks.mva. Prisane er rettleiande levert Sogn og Fjordane. Årsavgift kjem i tillegg. Caddy: Drivstofforbruk blanda køyring 4,7-5,9 l /100 km, CO2-utslepp 124-152 g/km. Transporter: Drivstofforbruk blanda køyring 5,9-9,6 l /100 km, CO2-utslepp 156-218 g/km. Avbilda modellar har ekstrautstyr utover standard. Tilboda gjeld ved kjøp/leasing av ny Caddy/Transporter fram til 31.03.2018.

Nyttekjøretøy

BERGE & CO
★ SIDAN 1954 ★
www.berge.no

Førde - 24 03 18 00
Sogndal - 57 67 57 00
Stryn - 57 87 26 00
Florø - 57 74 22 40
Måløy - 57 84 80 08
Ørsta - 24 03 42 50

Leiaren har ordet

Leiar Brit Inger Skaar.

BONDE! KVA VIL DU I FRAMTIDA?

VI KAN SNAKKE mykje, om det som var. Som for 50 år sidan. Alt var så mykje betre då. Sommaren fylte gardsbruka med liv og røre. Heile slekta var med på innhausting. I same fjøset, kunne du høyre lyden av kyr, sau, hest, gris og høner. Overleving og neste generasjon, var det bonden tenkte på. Jord blei opparbeidd, bygningar utvida, skogen planta og veden hogge. Neste generasjon skulle ikkje overta noko som ikkje bar seg.

SÅ PÅ 70-TALET, byrja den store utviklinga i landbruka. Plutseleg var det økonomisk optimisme, auka produksjon på kvar dekar, lånevilje, og ynskje om å bli større. Bønder sitt arbeid på garden blei lettare. Inflasjon og lønnsvekst åt opp rente og lånekostnadar. Bøndene lånte meir og meir pengar, og fjøsa blei større og større. Maskinene blei større og større. Mengda utstyr auka. Likevel var det berre plass til ein produksjon. Men så kom tida, då utstyret, bygningane og produksjonen blei så store, at det ikkje var plass til meir enn ein bonde per bygd.

I DAG HENDER det, eg køyrer forbi bygder, der bonden er borte. Dyra som gjekk og beita i liene, er borte. Markene ser ikkje ut som grasmarker for dyr lenger. Attgrodde. Er du så heldig å sjå eit bruk i drift, ser du traktorane rase rundt, med diverse utstyr påkopla. Gjerne tre traktorar i drift på same jordet. Ikkje slik som før, då du såg heile familien i arbeid med rive og gaffel. Markene ligg der no, med spor etter dei tunge traktorane.

SJØLV IKKJE I FJØSEN er det slik som før. No er det robotar, til mjølking, fôring og møkaskuffing. Og så mange kyr. Dagros, Litago og Marigold er borte. No er det 14130347 og 14130268. Bonden sjekkar datamaskiner, robotar, maskineri, fyller på fôr og hentar rundballar. Sjekkar på dataen, at alt går rett føre seg med kyrne. Som kor mykje mjølk dei gjev, per foreining.

BONDEN MÅ KUNNE så mykje, slik han alltid har gjort. Det er eit menneske med allsidig og mangfaldig kunnskap. Kreativ, løysningsorientert, samarbeidsvillig, omsorgsfull, ivaretakande. Alt dette og meir til, kjenneteiknar ein bonde. Det er ikkje den ting, ein bonde ikkje kan.

I ÅRA FRAMOVER, blir det difor viktig for bonden, å sette grenser for eige yrke. Kva vil du som bonde? Korleis ser du føre deg at ditt yrke skal vere om ti år? Korleis halde i hevd fleire hundre års opparbeidd kunnskap, jord, bygningar, skog og landskap? Kva vil du produsere på eigen grunn? Kor mykje vil du produsere? Kor mange dyr vil du ha? Til slutt det viktigaste: Er det bonde du vil vere og kva legg du i uttrykket, bonde?

FOR KVART ÅR, blir vi færre og færre bønder. For kvart år, forsvinn fleire og fleire dekar jord. Asfalt, vegar og bygningar tek over. Dei grøne markene, blir til svarte parkeringsplassar, byggefelt og store handelshus. Plassar der vi har tal på kor mykje vi tener, per kvadratmeter, per dag. Det skal være lønsamt og effektivt. Kostnadane, tek den enkelte kjøpar kvar gong dei handlar. Er det dette vi skal overlate til den neste generasjonen? Kunnskap om korleis vi kan tene pengar, fortast og mest mogeleg, utan tanke på berekraft og langsiktig overleving.

EG BLEI FYLKESLEIAR i Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag i mars 2017, og eg vil takke alle mine medlemmer for tilliten. Vi er medlemmer i ein liten fagorganisasjon. I Sogn og Fjordane er vi omlag 365 medlemmer. I alle delar av dei politiske prosessane, blir vi ei lita brikke. Nyttar det då, å seie kva vi vil? Vi er så små? Nyttar det å be om respekt for vårt yrke og respekt for vårt særeigne arbeid? Nyttar det å kjempe for kvar brattlente dekar dyrka mark?

SOM LEIAR AV Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag, ser eg lyst på framtida. Det er ein oppveksande generasjon, som bryr seg om kvar maten er laga. Det er ein aukande interesse for produksjon av eigen, rein og trygg mat. Små bruk, blir sette i stand og jorda atter teken i bruk. Dei er ikkje mange, men dei blir kanskje fleire. Kanskje står vi no framfor eit vegskilje i landbruket? På den eine sida resultatorientert kvantitativ produksjon og på den andre sida, små økologiske bruk. Der fokus er rein, trygg mat og ikkje mest mogeleg inntening.

SÅ ER DET opp til oss sjølve som bønder, å seie klart i frå om kva framtid vi vil ha.

SPAR
JØLSTRAHOLMEN
6847 Vassenden
Rikt utval av lokalmat!
Måndag - fredag 7-23
Laurdag - søndag 8-22
- eller når du vil på nettbutikk.spar.no

Styret og tillitsvalde i 2017

LEIAR: Brit Inger Skaar,
Skor, 6953 Leirvik i Sogn.
Tlf. 909 90 437 / bi-skaar@online.no
NESTLEIAR: Rune Bruvoll,
Høynes, 6777 Stårheim
Tlf. 962 35 970 / rubruvo@gmail.com
STYREMEDLEM: Atle Løvland,
Kandal, 6823 Sandane / Tlf. 57 86 75 23/
472 44 135 / ester@gloppen.net
STYREMEDLEM: Ivar A. Slinde,
Indre Slinde, 6859 Slinde
Tlf. 481 55 401 / ivara.s@online.no
STYREMEDLEM: Rune Nydal,
Nydalsvegen 494, 6812 Førde
Tlf. 959 66 931 / runnydal@online.no
1. VARA: Torbjørg Grimsbø Eskeland,
6847 Vassenden / Tlf. 974 77 214 /
torbjorg.eskeland@enivest.net
2. VARA: Marianne Holme,
5745 Aurland / Tlf. 905 12 978 /
marianneholme@hotmal.com
3. VARA: Martin Braanaas Kleppe,
Åsane, 6819 Førde
Tlf. 458 50 823 / post@sunnfjordskog.no

LOKALLAG

EID BS: Rune Bruvoll, Høynes, 6777 Stårheim,
rubruvo@gmail.com / Tlf. 962 35 970
FØRDE BS: Martin Braanaas Kleppe,
Åsane, 6819 Førde / post@sunnfjordskog.no /
Tlf. 458 50 823
GAULAR BS: Per Magne Bell,
Eldal, 6978 Viksdalen,
pmbell@frisurf.no / Tlf. 476 13 505
GLOPPEN BS: Atle Løvland,
Kandal, 6823 Sandane,
ester@gloppen.net / 57 86 75 23/472 44 135
HYLLESTAD BS: Brit Inger Skaar, Skor, 6953
Leirvik i Sogn,
bi-skaar@online.no / Tlf. 909 90 437
HØYANGER BS: Jarle Martin Haaland,
Østerbø, 5962 Bjordal,
jarle.haland@enivest.net /
Tlf. 57 71 05 37 / 478 59 475
JØLSTER BS: Egil Juklestad,
Gjesda,l 6847 Vassenden,
egil.juklestad@hotmail.com Tlf. 57 72 73 91/
976 18 445
NAUSTDAL BS: Johnny Følling,
Slettemark, 6817 Naustdal,
bm-slett@online.no Tlf. 909 28 279
SELJE/VÅGSØY BS: Bjørn Helgesen,
Berstad, 6740 Selje,
helgesenbjorn@gmail.com / Tlf. 480 44 844
SOGNDAL OG LEIKANGER BS:
Olav Nesse, Gurvin, 6856 Sogndal,
olane@online.no / Tlf. 977 72 828
STRYN BS: Arne M. Sølvberg,
6795 Blaksæter,
arnsoelv@frisurf.no / Tlf. 481 51 317
LUSTER BS: Olav Harald Alme,
Lomheim 16, 6869 Hafslo
olavharald.alme@gmail.com /Tlf. 915 32 775

LAG MED KONTAKTPERSONAR:

AURLAND BS: Per Thunshelle,
Berekvam, 5743 Flåm,
per.thunshelle@sfj.no / Tlf. 415 30 747
FLORA OG BREMANGER BS:
Karsten F Sunde, Askrova,
6919 Tansøy, Tlf. 57 74 51 31
HORNINDAL BS:
Per Øen, Botnen, 6763 Hornindal,
per-oee@online.no / Tlf. 900 54238

VALNEMND 2017:

LEIAR: Olav Nesse, Sogndal og Leikanger BS
Egil Juklestad, Jølster BS (ny)
Arne M. Sølvberg, Stryn BS

Styret 2017

Atle Løvland

Busett: Kandal i Gloppen
Gloppen BS: Starta laget i 1984 og har sete i styret sidan. Noverande leiar.

Familie: Gift med Ester og har to jenter og ein gut
Oppvekst: Oppvaksen i Kandal, men lenger inne, i lag med tre søsken. Kjøpte garden i 1970, overtok i 1972.
Produksjon: Geitemjølk, bringebær i 15 år. Sau.
Utdanning: Grunnskule og handelsskule, pluss sunt bondevett
Verv no og tidlegare: Leiar i Gloppen BS. Har vore fylkesleiar i SFBS i 4 år. Formann i Breim Sau og Geit, formann i viltnemnda i Gloppen i 16 år, 7-8 år i Gloppen Senterparti, 1. vara til kommunestyret.

Med i NBS sidan1984.
Kvifor? Politikken! BL gjekk inn i samarbeidet - bra økonomisk.

Rune Bruvoll

Busett: Høynes på Eid
Eid BS: Lokallagsleiar

Familie: Gift med Anne-Lise og har to barn – ein har teke over garden.
Oppvekst: Småbruk i Kjølsdalen i lag med fem søsken.
Utdanning: Elektrikar
Verv no og tidlegare: Leiar i Eid BS. Har tidlegare vore i kommunestyret på Eid i åtte år og i NEI til EU i 1994. Leiar i Stårheim BL i 10 år.

Med i NBS sidan 2015.
Kvifor? Melde seg ut av Norsk Bondelag i 2015 og inn i Småbrukarlaget. Var ueinig i for mange sakene til NB. Dei tok ikkje vare på dei små bruka, var med på lausdriftskravet og støtta regjeringa sin politikk om å ta frå dei små og gje til dei store.

Styret 2017

Rune Nydal

Busett : Holsen i Førde
Førde BS.

Familie: Fem born.
Produksjon: Mjølk, kjøt, skog og kraftverk.
Oppvekst: Oppvaksen på gard i Nydal på Holsen i lag med fire søsken. Far var bonde og snekkar medan mor var husmor.
Verv no og tidlegare: Er styremedlem i SFBS. Har sete to periodar i Bystyret i Førde. 15 år med ulike verv i Småkraftforeininga både sentralt og lokalt.

Interesse: Stor interesse for skog og vatn. 30 år som bonde og medlem av NBS sidan 80-talet
Kvifor: I NBS må ein tenke sjølv, her er ingen ferdigtenkte meiningar!

Ivar Slinde

Busett: Slinde i Sogndal kommune
Sogndal og Leikanger BS.

Familie: Gift med Ellen og har tre vaksne born
Produksjon: Eple, plommer og pærer.
Verv: Medlem i kommunestyret (2. periode), medlem i formannskap (denne periode), medlem i fellesnemda «Nye Sogndal kommune». Leiar i forvaltningsutvalet. Ulike kommunalt utnemnde styreverv og regionleiar i Gartnerhallen SA i vest. Styremedlem i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
Utdanning: Røyrleggjar og seinare VVS ingeniør
Interesser: Lagsarbeid, politikk og friluftsliv.

Med i NBS sidan 2002.
Kvifor NBS og ikkje t.d. NB? Då eg overtok var eg bestemt på at eg skulle vere organisert i NBS eller NB. Sidan far hadde vore medlem i NBS var det naturleg at eg også vart medlem her, i tillegg var det lågare kontingent. Frukt og grønt skal og ha ei røyst i NBS.

Brit Inger Skaar

Busett: Småbruk på Skor i Hyllestad
Hyllestad BS: Lokallagsleiar
Fylkesleiar i SFBS

Familie: Ein vaksen son
Produksjon: Egg og kjøt
Oppvekst: Oppvaksen i Hordaland. Flytta til Skor med sine foreldre som overtok familiegarden i 1974. Vi var 3 jenter. Mor var husmor og far bonde og matros på ferja.
Utdanning: Bachelor øk/adm
Arbeid: Postbod og i NAV. Ufør no grunna skade i nakke

Med i NBS sidan 2011. Aktiv sidan 2014.
Fylkesleiar sidan 2017.
Kvifor: Ynskjer levande bygder og eit landbruk over heile landet. Maten vår er den viktigaste næringa vi kan halde på med.

Årsmelding 2017

Fylkesstyret sitt arbeid i 2017

STYRET 2017
Leiar: Brit Inger Skaar - Hyllestad BS
Nestleiar: Rune Bruvoll - Eid BS
Styremedlem: Rune Nydal - Førde BS
Styremedlem: Ivar Slinde, Sogndal og Leikanger BS
Styremedlem: Atle Løvland - Gloppen BS
Vara: Torbjørg Eskeland Grimsbø - Jøster BS, Marianne Holme - Aurland BS og Martin Braanaas Kleppe - Førde BS
Ungdomskontakt: Håvard Larsen - Førde BS
Rovviltkontakt: Ingolf Folven- Stryn BS

Fylkessekretærar: Marit Milde og Gunnar-Arne Haaland - begge Førde BS

Revisor: Karen Hornnes - Førde BS
Ståle Haugen - Førde BS

Det har vore 6 styremøte i løpet av året. Styremøta har vore konstruktive og med gode diskusjonar. Styret har allsidig bakgrunn med ulikt arbeid. Dette har ført til større forståing og innsikt i dei representerte produksjonsformene.

Fylkessekretær Marit Milde hadde permisjon frå 01.04.2017-30.09.2017. I denne tida var Gunnar-Arne Haaland vikar. Han fekk ei travel tid, med mange arrangement. Ein stor takk, for alt arbeidet han blei pålagt. 01.10.2017 var Marit Milde attende, og fekk det veldig travelt med NBS sitt landsmøte.

- I tillegg har det vore halde 4 fellesmøte. Tre i juni; fordelt på Sogndal, Førde og Hellevik i Fjaler. Dette var informasjonsmøte i etterkant av jordbruksforhandlingane. Møta var opne for alle. I tillegg hadde vi eit fellesmøte i Førde i høve «Ny politisk plattform» i slutten av september. Gode diskusjonar og gode innspel er med på å forme vår politikk i framtida.

- Vi har vore representerte i Samarbeidsrådet, Sogn og Fjordane Landbruksselskap, AU, Vassregionutvalet, Storfeprosjektet, utarbeiding av forslag til RMP-midlar og andre fora. Her blir mykje av forsking og utvikling avgjorde, og det blir gjeve pengar til ulike prosjekt. Det er heftig møteaktivitet. For framtida, må vi bestrebe oss på å få sett rett person i rett utval.

- Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har vore representerte ved fleire høve. 100-års markeringa til Sogn Jord- og hagebruksskule. Vi var inviterte til å vere med Sogn og Fjordane Bondelag ved markeringa under jordbruksforhandlingane både i Førde og i Oslo. Eg takkar våre medlemmer, som stilte til marsjen i Oslo. Retter også ein takk til Sogn og Fjordane Bondelag, for godt planlagde og organiserte aksjonar.

SÅ FEKK VI vere til stades under stølsdagen i Kandal og museumsdagen på Sandane. Gamle driftsformer og gamal historie er viktig kunnskap. Vi var medarrangør av ØKOVEKA i slutten av september i Førde. Vikarierande fylkessekretær Gunnar-Arne Haaland la ned mange dugnadstimar for å vise folk kva økologisk mat er. Vi arrangerte eit møte om andelslandbruk og korleis det kan bli inntekt for bonden i samband med ØKO-veka.

- Landsmøtet 2017 blei også i år ei veldig flott oppleving, og NBS blei historiske på den måten at det blei vald inn kvinner i dei tre leiande posisjonane. NBS viser veg inn i framtida! Frå Sogn og Fjordane er Eli Berge Ness varaordførar i Sentralstyret i NBS, og Siri Helle er vald til ny leiar i Kvinneutvalet.

Sogn og Fjordane stillte i år med 10 utsendingar frå ulike lokallag, også ungdomsrepresentant.

Vi var og representerte med stand i NBS sitt prosjekt Matnyttig. God og sunn mat frå Sogn og Fjordane. Eit rikt utval av laks, geitekjøt, sauekjøt og bakarvarer. Saman fekk vi laga ein flott stand og profilert Sogn og Fjordane sine bønder og småskalaprodusentar. Mange takk til Coop Vest og Ronny Sørbotten for samarbeidet og for reklamemateriell. Dei var med å sponsa standen på Landsmøtet. I denne samanheng, må eg også takke Solund Mat, Kandal Kjøt, Bakar Jon, Svanøy Laks og Fjord Gardsmat for at dei stilte med god lokalmat.

På Landsmøtet 2018, skal vi være endå meir synlege.

MERKNADER til året som gjekk: (Det er alltid rom for forbetringar).

- Du som medlem, skal fortelje oss i styra (lokallag og fylke), kva vi skal arbeide med. Det er du som medlem, som er den viktigaste brikka i laget vårt. Medlemmene bestemmer kva organisasjonen skal ha som mål, visjon og framtid.

- Vi er eit lite fylkeslag, med ein liten økonomi. Det betyr også, at det fins grenser for vår aktivitet. Vi har t.d. ikkje mogelegheit til å betale oss inn i prosjekt, og vi har ikkje mogelegheit til å betale så mykje i medlemspengar til Samarbeidsrådet. Det vi i Sogn og Fjordane må ta sikte på, er å bruke pengar på ei fast sekretærstilling i ein større stillingsprosent og med høgare løn. Fylkesleiar er ein vald person, for eitt år om gongen. Sekretæren er den som kan halde orden på vårt verkeområde og vår historie. I tillegg har også sekretæren ansvaret for å halde oversikt over representantar til ulike råd og utval.

- Dårleg med pengar i lokallagskassa? Held lokallaget års- eller medlemsmøte, så kan de få dekka kr 2000,- ved å informere om forsikringsordninga vår med Gjensidige. Fylkesstyret kan vere med å informere om forsikring.

- Studieringar. For kvar studiering som blir halden, kan lokallaget få 1600 kroner. Det er særs viktig at vi er med å svare på studiearbeidet. Det er medlemma sin måte å påverke jordbruksforhandlingane. Vi er nesten forplikta til å svare.

Facebookgruppa til Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har no 386 medlemmer, auke med 55 i høve fjoråret. Alle våre medlemmar og sympatisørar kan følge oss her og dele aktuelle saker.

Pr. 31.12.17 hadde vi 367 medlemmar i Sogn og Fjordane. I 2016 var talet 366.

Lokallaga med flest medlemmar er: Stryn BS 38 (+2), Hyllestad BS 38 (+3) og Førde BS 32 (+1). Vi oppmodar alle om å komme med namn på potensielle medlemmer til fylkessekretæren vår.

VIL RETTE EIN TAKK, til alle medlemmer i Sogn og Fjordane. Håper vi kan sjå fram mot eit fruktbart 2018 for alle medlemmer. Igjen. Så oppfordrar eg alle til å seie frå, når det er noko som må gjerast eller endrast på.

Rekneskap

Resultat

DRIFTSINNTEKTER	31.12.2017	31.12.2016	Note	Budsjett 2018
Salgsinntekter, avgiftsfrie	18 141	15 900		20 000
Kontingent	105 646	94 757		100 000
Støtte frå NBS/Gjensidige	5 719	25 268	1	10 000
Sum driftsinntekter	**129 506**	**135 925**		**130 000**
DRIFTSKOSTNADER				
Lønn til ansatte	69 628	58 515		78 000
Feriepenger	5 417	0		0
Påbeløpt, ikkje utbetalt løn	−1 472	0	2	0
Godtgjørelse til styre- og bedr.forsaml	10 000	10 000		10 000
Lønninger, ferielønn og honorarer	**83 573**	**68 515**		**88 000**
Arbeidsgiveravgift	6 835	4 599		6 900
Arb.giveravgift, pensjonskostn etc.	**6 835**	**4 599**		**6 900**
Lønstilskot frå NBS	−30 000	−30 000		−30 000
Refusjon forsikringsmøte	−20 000	−10 000		−10 000
Andre personalkostnader	**−50 000**	**−40 000**		**−40 000**
Leie lokaler	14 400	14 400		14 000
Kontorrekvisita	4 092	3 938		4 350
Data/EDB- kostnad	4 375	3 600		1 600
Trykksak	8 161	7 191		8 500
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	1 919	1 479		2 000
Møte, kurs, oppdatering o.l.	−4 490	7 360		10 000
Årsmøte	8 850	7 755		10 000
Porto	2 259	1 309		2 500
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	5 432	0		6 000
Reklamekostnad	5 221	0		3 000
Kontingenter ikke fradragsberettiget	1 500	0		1 500
Gave, ikke fradragsberettiget	2 700	290		2 000
Bank- og kortgebyrer	145	44		200
Annen kostnad	172	0		9 550
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	**54 736**	**47 367**		**75 200**
Sum driftskostnader	95 143	80 481		130 100
Driftsresultat	**34 363**	**55 444**		**−100**
Renteinntekt, skattefri	84	56		100
Finansinntekter	**84**	**56**		**100**
Avdelingsresultat	**34 447**	**55 500**		**0**

Balanse

EIENDELER	31.12.2017	31.12.2016	
Kontormaskiner	3 495	0	
Kundefordringer	400	0	3
Bank Hovud 3837.05.10684	145 054	111 086	
Skattetrekkskonto 3837.10.14508	1 680	821	
Sum eiendeler	**150 629**	**111 907**	
GJELD OG EGENKAPITAL			
Annen egenkapital	−111 907	−56 291	
Skatter	−859	−116	
Forhåndsskatt	1 883	0	
Annen kortsiktig gjeld	−5 000	0	
Sum gjeld og egenkapital	**−115 883**	**−56 407**	
Diff. eiendeler/gjeld og EK	**34 746**	**55 500**	

1) Grunna overgang til regnskapsprogram er det skilnad i kva som hamnar i denne posten. Når vi førte i Excel vart dette meir ein sekkepost over støtte som ikkje var spesifik. No blir alt ført spesifikt etter kontoplan.

2) Brukt feil lønsgrunnlag for utbetalt løn til Gunnar-Arne. 474 for lite utbetalt kvar månad. Lagt til etterbetaling.

3) Sal av T-skjorte i desember som ikkje er betalt før i 2018.

Revisjonsmelding Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag.

Rekneskapen for Sogn og Fjordane Bonde og Småbrularlag 2017 er revidert etter framlagde bilag og kontoutskrifter.
Vi har funne at rekneskapen stemmer, og er funnen i orden.

Førde, 18.2.2018

Karen Hornnes
-revisor-

Ståle Haugen
-revisor-

ØKO-veka 2018

For første gong vart ØKO-veka arrangert i Førde/Sunnfjord. Ei heil veke til ende i september. Den vart til gjennom eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, Oikos Sunnfjord, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Rom For Ord (eit flytande litteraturhus i Sunnfjord), Sogn og Fjordane Bondelag og Vie Andelslandbruk.

Mykje positiv respons. Svært ulike folk på dei ulike arrangementa; bønder, naturvernarar, kulturkjerringar, hageentusiastar og hobbyfilosofar i ei salig blanding.

ØKOVEKA: Her representert med Gunnar-Arne Haaland, Småbrukarlaget, Marit Bendz, Naturvernforbundet og Aina Gamborg (t.h.) frå Oikos.

Vi starta veka med Kick-off. Utdeling av økologiske grønsaker, program, oppskrift m.m. ved Coop Extra i Førde.

Tysdag, onsdag og torsdag kunne du møte tre ulike meiningsbærarar, som kvar på sin måte hadde ei sak med økologi. Vår «eigen» Siri Helle med boka si; «Skal landet gro att?», Trine Antonsen om Agrarianisme – økofilosofi i ny drakt, eller? og sist men ikkje minst Professor Dag Jørund Lønning med «Jordboka» han har skrive.

Laurdag var det «Ope andelslandbruk på Vie». Omvising og ulike aktivitetar i regi av andelsbønder og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag.

Oikos, Bondelaget og SFBS hadde stand. Vidare på møtet om korleis andelslandbruk kan vere ei inntekt for bonden, fortalde Marit Bendz om ideen, oppstarten og også litt om økonomien til Vie Andelslandbruk, som er andelsstyrt. Bonden leiger ut til andelseigarane. Ein av andelseigarane fortalde så om kva utbytte han hadde ved å vere andelseigar.

Maren Wiger (bildet over) frå fortalde om bondestyrt andelslandbruk, som er modellen der ho kjem frå; Viker Gårdsutsalg i Vikersund.

Kring 35 personar var innom, nokre færre på møtet om andelslandbruk.

Totalt sett ei svært vellukka veke. Konklusjonen er at vi vil halde fram med samarbeidet og arrangere ØKO-veka i Sunnfjord også i 2018.

Av Gunnar-Arne Haaland

Portrettet

Ein bauta i NBS Sogn og Fjordane

KNUT BØYUM – Hyllestad BS

TEKST og FOTO - **MARIT MILDE**

Er det nokon som fortener spalteplass i årsmeldinga er det Knut Bøyum. Han har store deler av sitt vaksne liv vore engasjert i det politiske organisasjonsarbeidet i SFBS og lagt ned stor innsats for at Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag skulle få fleire medlemmar og at folk skulle forstå viktigheta av vår landbrukspolitikk.

Knut kjem med privatbil til Førde, og på krykker. Eit uhell på glatta gjorde at ei sene i eine kneet hans rauk, så no ventar han på at «tida leger alle sår».

Han er høfleg og ved godt mot, og fortel at han skal på sjukehuset etterpå for ein sjekk.

Kva mat likar du best/livrett?

- Eg er glad i tradisjonsmat; Raspeballar, eller komle som vi sa i Hardanger, med saltkjøt - står høgt i kurs, eg kan også ta med spekemat og rømmegraut, og selvfølgeleg brødmat med gammalost, her må det vere mjølk som følgje.

Korleis slappar du av?

- Eg les mykje og mangt, og eg likar å gå tur med hunden. Hund og katt er dei einaste dyra i familien no.

På fritida likar vi å ta bubilen på tur i Norge, og vi har køyrd på kryss og tvers av landet. Norge er flott, og kvar landsdel har sin sjarm.

LITT HISTORIE:

NBS i Sogn og Fjordane låg langt nede på 1970-talet, og det blei til at Knut melde seg inn i Bondelaget, noko som var nærliggande på dei tider.

Men han opplevde å stadig vere i opposisjon på møta, og i mindretal.

NYE KREFTER

I 1983 var nye krefter kome inn i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Ein gong reiste han i lag med 4 andre bønder på eit politisk møte i Førde for å høyre om landbrukspolitikken til Norsk Bondelag, og etter dette møtet blei dei einige om å få eit lokallag av Norsk Bonde- og Småbrukarlag i Hyllestad opp å gå. Bøyum sa så frå seg alle verv i BL, og på skipingsmøtet 2 månadar seinare møtte 11 personar, og Bøyum blei så vald til leiar i det nyskipa Hyllestad BS. Dei verva nye medlemmar, og hadde fått 30 stk då årsmøtet blei halde i mars. Etter dette kom det fleire lokallag i fylket, m.a. i Jølster.

EI KJEKK TID

Åsmund Berthelsen sat då som sekretær i SFBS, og då han gjekk inn som redaktør i avisa Bonde og Småbrukar, vart det til at Bøyum, med sin kompetanse og interesse for organisasjonsarbeid, var sterkt ønska som ny fylkessekretær i SFBS.

- Dette var ei kjekk tid, minnast Knut, og NBS sin politikk var på frammarsj og medlemmane var engasjerte og positive.

Bustad: Horne i Hyllestad kommune
Sivilstand: Gift med Aslaug, 4 born, 18 barnebarn og 10 oldebarn
Lokallag: Hyllestad BS

Frå Hardanger. Flytta med foreldra til Hyllestad i 1961
Produksjon: mjølk, kviger
Arbeid: inseminør, men er no pensjonist.

NO

I dag ser Bøyum sterkt behovet for ein ny landbrukspolitikk, og NBS er drivkrafta her. Knut trekkjer fram John Petter Løvstad og Lars O. Rometveit i NBS sentralt, som med sin iver og glød var med på å gjere NBS til ein sterk organisasjon. Per Olaf Lundteigen førde arven vidare, og Knut hadde mykje samarbeid med desse.

I Sogn og Fjordane vil Knut spesielt nemne Åsmund Berthelsen og Hans Støyva for gjenoppbygginga av eit sterkt småbrukarlag, og lokalt vil han takke Erling og Arne Høydal for støtta han alltid har fått i organisasjonsarbeidet.

MILJØ

Bøyum ser positivt på mange av dagens unge som gjerne ser moglegheitene i eit småskala landbruk og det å ta vare på naturen. Samstundes ser han at forbrukarane også har blitt meir bevisste både på lokalmat og rettvis handel.

Det er verre med politikarane, orda og politikken harmonerer ikkje, og store produksjonar vert premierte på bekostning av dei mindre. Dieseljordbruket er resultatet – dette er m.a. ikkje miljøvennleg, her møter dei seg sjølve i døra med det grøne skiftet – seier Knut

Vi må legge til rette for at dei unge som ynskjer det kan få mogelegheiter medan interessa er størst. Mange av dei er opptekne av natur og interessa for jordbruk er veksande.

Eg vil og nemne velferdsordningane som finnes ved generasjonsskifte på gardane, og herunder avløysartilskotet Dette er med på å gjere det enklare for ein ny bonde og ta over, og den som gjev seg kan framleis ha ei inntekt.

Han håpar at NBS vil lukkast med politikken sin i framtida og at fleire og fleire får opp auga for det viktige arbeidet dei gjer for folk og landbruk.

Fadderordninga- og målet med denne

Styret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag er tildelt «fadderfylke», og mine fadderfylke er Sogn og Fjordane og Rogaland. Meininga med ordninga er at kontakten mellom landslag og fylkeslaga i Bonde- og Småbrukarlaga skal bli noko meir personleg og god.

Fadderordninga har nedfelt mandat for arbeidet, og kvart styremedlem er tildelt, så langt råd er, fylke som ikkje ligg for vanskeleg til i reisetid.

Fadder for Sogn og Fjordane, Arne Lofthus

Oppgåvene for styremedlem til fadderfylka er å organisera telefonkontakt med fylka og flest mogeleg lokallag i fylka. God kontakt med sekretær og leiar i fylkeslaget for å kalla inn til møte, og helst få så mange lokallag som mogeleg til å stilla på desse telefonmøta er viktig.

Det bør vera ei saksliste til desse møta då lange telefonmøte utan struktur er krevjande å gjennomføra. Sakene er gjerne dagsaktuelle og viktige for fadderfylka, og meininga med å ta dei opp gjennom året er å motivera fylka til aktivt arbeid mellom medlemer og til offentlege myndigheiter i fylket.

Jordbrukspolitikken som blir ført frå myndigheitene er svært utfordrande for medlemene våre i Bonde- og Småbrukarlaget. Slik stoda er no, er det oftast dei største gardsbruka med mest areal og størst produksjon som blir vinnarar når produktprisar og budsjettmidlar samla skal gje eit brukande økonomisk utkome.

I tillegg er svært mykje av investeringsmidlane tildelt over jordbruksavtalen retta til dei med størst arealtilgang og produksjon. Dette skapar økonomiske vinnarar og nokså mange økonomiske taparar mellom bønder. Inntektsskilnadane til andre samanliknberre grupper i samfunnet er diverre store i snitt.

Enno verre er det at inntektsnivået innad i jordbruket varierer mykje. Dette problemet freistar Norsk Bonde- og Småbrukarlag å få gjort noko med i aktiv politikk gjennom året.

Grunnen til at eg tek dette opp her i omtalen av fadderordninga er at den mest effektive måten å få reist problema omkring inntektsnivået innad i jordbruket på, er å få medlemene engasjert også på lokal- og fylkesplanet. Det trengst ei positiv haldningsendring om at alle bønder tel like mykje i samfunnsrekneskapen for å få nok merksemnd om inntektsskilnadane innad i jordbruket.

Det trengst også haldningsendringar lokalt og regionalt på at alle i jordbruket bidreg til viktig verdiskaping. Bygder som misser dei minste og gjerne mest tungdrivne gardsbruka blir fattigare på mangfald i næringslivet sitt- og meir sårbare den dagen det berre er nokre få større att til å driva den enklaste jorda.

Dette er ikkje noko me i Norsk Bonde- og Småbrukarlag synsar omkring, dette skjer no og har pågått lenge og er dokumentert frå mange hald. I Sogn og Fjordane har tildømes investeringsmidlar til store nye husdyrbygningar innan mjølkeproduksjonen skapa otte mellom mange medlemer. Denne utviklinga har vore uheldig og kan ikkje halda fram. Korleis få lokale og regionale myndigheiter til å innsjå dette? Det store spørsmålet blir korleis berga framtidig mjølkeproduksjon i fylket utan at bygdene berre sit att med nokre få store.

Den viktigaste jordbrukspolitiske oppgåva blir å setja stort fokus på verdien av alle dei små og mellomstore gardsbruka som opprettheld mangfaldet. Det blir vidare viktig å vekkje lokal- og regionalpolitikarane til å slå ring om eit lovverk som vernar dei minste gardsbruka.

«Tornerosesøvnen» åt dei som i ord og skrift vil verna om jordbruksverdiane som finnst i Sogn og Fjordane må no ta slutt. Fylkeslaget har ei stor oppgåve i å vekkja dei. Ein fadder frå landslaget kan kanskje hjelpa til med å skapa naudsynt entusiasme til dette arbeidet.

Sogn og Fjordane har mange viktige jordbruksmiljø. Fruktdyrkinga kan utviklast enno meir, og bringebærproduksjonen er den beste og største i landet. Lokale krav til jordbrukstingingane er viktige å arbeida med for fylkeslaget. Då kan ein fadder vera til hjelp for å skubba etter .

Saue- og geitehaldet er vere eller ikkje vere for jordbruket i fylket dykkar. Gode dokumentasjonar på utviklinga, og klare krav på kva som skal til for å oppretthalda næringane er viktige.

Som de ser, oppgåvene er mange, og me kan ikkje få til gode løysinga dersom medlemene våre ikkje er aktive på jordbrukspolitikk. Bruk av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane på best mogeleg måte er det viktigaste saman med leveleg økonomi for arbeidet med jorda. Dette krev handling lokalt.

Arne Lofthus

T-skjorte i moderne passform. Forkrympa kjemma bommull og ringspunne garn. Rundstrikka. Dobbel krage med elastan. 100% bomull.

T-skjorte og genser blir levert med Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag trykt på ryggen.

AMFI SOGNINGEN | 10-19 (18) | amfi.no/sogningen

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

Alt du treng av rådgjeving, samla på ein plass!

Kunne du tenka deg betre avlingar og betre lønsemd i drifta? Går du med tankar om å byggja, utvida drifta eller starta med attåtnæring? Lurer du på korleis det nå eigentleg var med sprøyting av den høymola? Trur du du kan verta betre på HMS? Treng du hjelp til å fylla ut søknadar? Er det på tide med ny gjødslingsplan? Skal du nydyrka, eller drenera enga di? Lurer du på kva tid du skal bladgjødsla frukttrea dine? Ta kontakt med oss, vi kan hjelpa deg med alt dette, og meir til!

Kontakt oss:
98245838
vest@nlr.no
https://vest.nlr.no/

Norsk Landbruksrådgiving Vest

Rekneskap Fjordane AS

ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:
Sande 57 71 86 60
eller Førde 57 72 41 30

– for livsk aftige dyr med god tilvekst.

Truleg det beste

Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt fôrsortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

	Kraftfôr til sau og livlam	Kraftfôr til kopplam og slaktelam	Tilskuddsfôr til sau og livlam
August-paring	Sau/Lam Appetitt	Sau/Lam Appetitt	TOPLICK Sau Saltslikkestein
Etter paring til ca 1 mnd før lamming	Sauefôr Drektig	Sau/Lam Appetitt	Premium Drektig Sau TOPLICK Sau Saltslikkestein
1 mnd før lamming til beiteslepp	TopLac Sau, eller Sauefôr	Sau/Lam Appetitt	TOPLICK Sau Saltslikkestein
I beiteperioden	-	Sau/Lam Appetitt	TOPLICK Sau Saltslikkestein

TOPLAC SAU

- Høg onsentrasjon av AAT, PBV og energi.
- Høg tilve st på lamma.
- Tilsett ekstra E-vitamin for meir livskraftige lam.

SAUEFÔR

- Høgt p oteininnhald for god lammetilvekst
- Tilpassa fiberinnhald for god vomfunksjon.
- Optimalt val dersom innefôring e ter lamming overstig 3 veker.

SAUEFÔR DREKTIG

- Vitamin- og mineralrikt
- O ganisk selen og masse vitamin E.
- 3-5 hekto dek er behovet ved middels surfôr.

SAU/LAM APPETITT

- iber- og proteinrikt.
- All-round" kraftfôr til alle sesongar.
- ungerer svært godt i kraftfôrautomatar.

FISKÅ MØLLE AS Tlf. 51 74 33 00
FISKÅ MØLLE ETNE AS Tlf. 53 77 13 77
FISKÅ MØLLE TRØNDELAG Tlf. 73 85 90 60
FISKÅ MØLLE FLISA Tlf. 62 95 54 44

Fiskå Mølle

Media. På trykk i Fjordingen fredag 10. november

Frå landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Helga 4-5. november heldt Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) landsmøte på Gardermoen med tidenes største deltaking. Det er kort veg frå grasrota til toppleiinga i organisasjonen, med direkte representasjon frå lokallaga.

Underteikna var utsending frå Stryn, og sidan vår dyktige leiar Ann Merete Furuberg oppmoda oss om å vere meir synlege både lokalt og på fylkesnivå, tek eg henne på ordet og byr fram nokre ord om landsmøtet til Fjordingen. Med lokale auge kan vi vere stolte av å ha oppstryning og sauebonde i Gaular, Eli Berge Ness som varaordførar i NBS. Ho tok sin del av den gode leiinga av landsmøtet og i tillegg losa ho den trivelege årsmøtemiddagen trygt i hamn.

Sogn og Fjordane sin delegasjon på landsmøtet i NBS. Frå v. Brit Inger Skaar (fylkesleiar), Marit Milde (fylkessekretær), Håvard Larsen (ungdomsrepresentant), Eli Berge Ness (varaordførar), Jarle Martin Håland (Høyanger), Anne Kristin Moe (Gloppen), Arne M. Sølvberg (Stryn), Rune Bruvoll (Eid) og Siri Helle (Naustdal, ny leiar i kvinneutvalet). Rune Nydal frå Førde BS stod bak kameraet.

VI ER OG STOLTE over at Ragnhild Bergset Elvestad rykka opp frå vanleg styremedlem til å verte ny organisatorisk nestleiar i organisasjonen. Med oppvekst på eit sauebruk i Reisadalen i Troms og med mor si frå Bergset på Fjelli er ho godt skikka til vervet. Besta Rannveig på Bergset kan vere stolt. Det kan og nemnast at Stryn BS sin utsending fekk æra av å opne landsmøtet med hardingfelespel.

Sjølvsagt vart Ann Merete Furuberg attvald som leiar utan motkandidat og til langvarig og kraftig ståande applaus. Ho heldt ein glødande landsmøtetale som ikkje minst landbruks- og matminister Dale i salen hadde svært godt av å høyre. Ho avslutta med desse orda: «Det er betre å sikte mot stjernene og bomme enn å slå til ein lyktestolpe så lyset sloknar.»

Når Dale etterpå overtok talarstolen, ynskte han Ann Merete hjarteleg velkomen attende etter den harde kreftnedturen, og han presiserte at døra til kontoret hans absolutt er open for NBS. Han er ein frisk og tydeleg talar som ikkje opna for noko som helst von om reversering av dei dramatiske endringane Sylvi Listhaug med Venstre og Krf si hjelp fekk gjennom ved jordbruksoppgjeret i 2014. Og han sa han skulle halde fram i vervet sitt dei neste fire åra.

I DEN PÅFØLGJANDE paneldebatten påpeika nyvald stortingsrepresentant Sigbjørn Gjelsvik (Sp) at det einaste sikre i så måte var at dei som no sit på Stortinget er valde for fire år, og humringa i salen let ikkje vente på seg. Det vart frå fleire uttrykt glede over at regjeringa og landbruksministeren no ikkje lenger har sikkert fleirtal bak seg på Stortinget.

Eit hovudtema på landsmøtet var arbeidet som NBS no driv for å forme ut eit dokument for ein ny landbrukspolitikk for landet, der trygg kvalitetsmat basert på norske areal og norskavla for står i sentrum. Sjølvsagt vil då kraftforprisen i framtida verte eit varmt tema, men dette er i alle fall eit punkt der noverande landbruksminister presiserte at han er på linje med NBS.

SOM KJENT er det i jordbrukstingingane berre fellesdokumentet frå dei to faglaga som vert levert til staten og som er det offisielle samla kravet frå jordbruket. Men i utgangspunktet er det sjølvsagt ulike ynskje og krav frå dei to laga. Eit framlegg på landsmøtet om å få offentleggjort NBS sitt primære krav allereide i starten av jordbrukstingingane skapte temperatur i forsamlinga. Det var ulike syn på kva som er lovleg i høve til hovudavtalen og kva som er klokast med omsyn til forhandlingsklimaet. Styret fekk i oppdrag å vurdere denne saka nøye før forhandlingane til våren, men etter stemninga på landsmøtet vil det truleg verte tydelegare for folk flest og for bøndene i framtida å sjå kvifor vi har organisert oss i to ulike faglag.

Arne M. Sølvberg
Leiar i Stryn Bonde- og Småbrukarlag

Media. På trykk i Fjordabladet 16. juni

Leiar i Eid BS, og nestleiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag Rune Bruvoll (bildet) gjekk hardt ut mot Venstre i eit oppslag i Fjordabladet, då Venstre gjekk ut med sitt alterative budsjett. Der meiner Bruvoll at Venstre svikta.

- Det mest sentrale målet i årets jordbruksforhandlingar var å gjennomføre eit samrøystes Storting sitt inntektsmål for bøndene.

Eit samrøystes Storting vedtok følgjande formulering. «For å sikre rekruttering, og for å sikre inntektsmoglegheitene i næringa, meiner komiteen at inntektsmålet skal vere å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet».

Rune Bruvoll meiner at skal denne setninga ha noko som helst meining må den følgjast opp i praktisk politikk. Det vil seie gjennom jordbruksforhandlingane.

Småbrukarlaget gjorde det tidleg klart at oppgjeret ikkje kunne vere under 700 millionar kroner. Det vart brot i forhandlingane med statens tilbod på 590 millionar kroner. Altså ikkje langt frå det Venstre presenterer.

Bruvoll meiner vi har tapt over mange år. - Det er dei små og mellomstore bruka som

nytt

-Sviktar bøndene når det kjem til praktisk politikk

har måtta ta tapet når midlane i jordbruksforhadlingane har blitt omfordelte.

- Personleg meiner eg at ein skulle teke heile inntektsgapet på pris, t.d. på mjølk, seier den fritt-talande bonden på Høynes.

Sveinung Rotevatn i Venstre seier i sitt tilsvar at Venstre ønskjer å verne om forhandlingsinstituttet. Difor bad Venstre partane om å finne saman igjen då det vart brot i forhandlingane. Regjeringa stod på sitt tilbod om 400 millionar i auke. Venstre la opp til ei ramme på 625 millionar. - Med vår profil på oppgjeret vil dei små- og mellomstore bruka komme best ut. Det er bra for bøndene i Sogn og Fjordane, sa Rotevatn.

Vi veit alle korleis det ende....



Merete Furuberg
Det er synt om alder med ei oppmerksomhet
Velkommen tilbake!
Er det varm på bina, er det varm hule kroppen.
Hilsing
NSB Sogn og Fjordane.

Gåve frå Naustdal BS til Merete Furuberg.
På fellesmøte i Førde i juni, kom Rolf Haugnes frå Naustdal Bonde- og Småbrukarlag med eit par flotte labba - med NBS-logo på - som han hadde fått strikka til Merete. Ei retteleg fin gåve som Arne Lofthus fekk i oppgåve og overrekke til Merete.

Støylsdag i Gloppen

Alle foto: Runar Sandnes

5. august hadde Gloppen Bonde- og Småbrukarlag «Støylsdag» i samarbeid med Nordfjord Folkemuseum, Nordfjord Sogelag og bøndene i Kandal.

På museet på Sandane var det føredrag om støylsliv, separering av mjølk og kinning av smør. Bonde- og Småbrukarlaget i Sogn og Fjordane hadde stand, og der var ulike aktivitetar for born og vaksne.

På Ytre Kandalstøylen / Nesstøylen var det ysting av brunost i Meieriet, samtale med tradisjonsbærarar og marknadsboder med lokalmat. Her var også dyr som born og vaksne kunne helse på. Om kvelden var det spel og flakedans.

GAH©2018

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no

Sunnfjord Elektro AS
EL-PROFFEN

Har du benyttet deg av medlemsfordelene dine?

Ring oss på **915 03100,** så hjelper vi deg

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag kan du få store fordeler hos oss:

- gode vilkår i Gjensidige Bank
- god pris på ulykkesforsikring
- 20 prosent rabatt på private forsikringer
- Inntil 23 prosent rabatt på driftsforsikringer, og topprabatt på 37 prosent ved god risikoscore
- ekstra rabatt på bilforsikring for ungdom

Kontakt oss på telefon 915 03100 eller les mer på gjensidige.no/landbruk

Gjensidige

Ring oss på **915 04800** – hele døgnet, alle dager.

A for Alltid åpent

DNB
Bank fra A til Å

Gjør gode vårkupp hos Aase landbruk!

Vi feirer 40 års samarbeid med Maschio. 20% på veil priser på alle lagerførte Maschio maskiner. Velg en maskin fra en av verdens ledende produsenter til en kanonpris!

Maschio Delfino Super
Vår bestselger!
En robust maskin som har bevist sin styrke gjennom flere tiår!
Forenkle jordbearbeidingen.
Egner seg både til fornyelse av eng og til grønnsakproduksjon.
Giroverføring i oljebad,
450 mm tannpakkevalse og kraftoverføringsaksling med lamellplateclutch.
God avstand mellom øvre og nedre lager på rotorer gir mindre belastning og lenger levetid

Veil pris 2,5 m	kr.	92.200,-	*Kampanje*	kr.	*73.760,-*
Veil pris 3,0 m	kr.	102.800,-	*Kampanje*	kr.	*82.240,-*

Aase Landbruk as
Sande i Sunnfjord
Tlf: 57 71 64 40

Nyinnmeld optimist

- Begynn å gjer ting!

TEKST - **MARIT MILDE**

Eg hadde lyst å lage ei sak på ein nyinnmeld i Småbrukarlaget, og fekk tips om Torstein Kollevåg. Han er ganske ny som medlem, blei verva inn i 2017.

Så eg ringer han. Han har mykje på hjartet, er engasjert og har mange jern i elden.

– Fortel litt om deg sjølv, t.d oppvekst?

– Eg vaks opp landleg i Fana, hadde høner og kaniner i hagen

– Interesser?

– MUSIKK med stor M, pop, eg var med i fleire band, og eg skriv låtar

– Utdanning?

– Lyd og musikkprodusent. Eg flytta til Oslo for å ta denne utdanninga.

– Har du tidlegare praksis eller interesse frå landbruk?

– I utgangspunktet nei, ikkje direkte. Men min far er utdanna agronom og mine forelde dreiv gard før eg blei fødd. Vi budde landleg, så eg er gjerne blitt påverka...

I fjor fekk eg vite at farmora mi, som kom frå Lifjorden i Hyllestad, m.a. dreiv med geit

TORSTEIN KOLLEVÅG
- f. 1985
Sivilstand: sambuar med Eivind Kandal; odelsgut på Sølvane Gard
Bustad : Kandal
Medlem av Gloppen BS sidan 2017
Produksjon: Geit/kje, overnatting, sal av kjøt

Fødd og oppvaksen
i Fana utanfor Bergen
Flytta til Oslo i 2005

– Så no er ringen slutta?

Ja, det kan ein seie.

– Eg har googla deg og m.a. funne ting du har uttalt i tidlegare intervju:

«Det er musikk jeg har lyst til å jobbe med. Jeg har det i kroppen og det er dette jeg kan»
Torstein Kollevåg, 2012

«Operaen er den perfekte arbeidsplass»
Torstein Kollevåg, 2013

«Draumen er å kunne leve av musikken»
Torstein Kollevåg, 2013

– Er draumen endra?

– Mennesket har alltid ulike stadier i livet, og vi er i endring. Eg kom til kulturmiljøet i Oslo, som var ei perfekt mulighet. Musikken har eg i kroppen, den vil alltid vere med meg.

– Eg jobbar framleis også med musikk til dagen, og det gjer min sambuar også.

– Men no er livet her i Kandal i Gloppen – del II, på ein måte

– På garden er det 15 bygningar, 3 låvar – bonden må tenke nytt i dag, få meir inntening slik at ein kan leve av det garden alt har. Ein må sjå mogelegheitene.

PÅ STØYLEN: Torstein (t.h.) saman med sambuaren Eivind Kandal, som er odelsguten på Sølvane Gard. Foto: Privat

– Kor ser du deg sjølv i framtida?

– Eg har mange, klare mål. Og framtidsvisjonar, på kort og lang sikt. Vi vil skape oss eit livsgrunnlag på garden her, som går på geit/kje, kultur og turisme. Ein må tore å satse og ha mål, å seie det.

– Er ikkje Kandal uvant i høve til Oslo?

– Jau, særleg med tanke på folk, asfalt og ulike tilbod. Men her er flyplass, butikkar osv.

– Korleis er ein vanleg dag for deg her?

Eg står opp ca. halv sju, så er det mjølking av geiter, før frukost.

Deretter følgjer mange møte, som samarbeidsprosjekt med kommunen, andre bønder m.m. Så i fjøsen att – kjea må ha melk.

Kl 17 – Fjøsstell generelt og etterpå er det kvelden – roe seg, sjekke e-post. Legge seg i 21–tida.

– Eg har gløymt at det er noko som heiter helg, det går i eitt, susar av gårde m.a.o.

– Kva gjer du helst når du skal slappe av?

– Går ein tur, ser på nærmiljøet og den flotte naturen, kjenner vinden. Får tid til å tenke.

MAT OG KJE

– Et du kompisane dine i fjøsen?

– Ja, eg et definitivt kje og geit – det er kjempegodt.

– I fjor blei «Det Store Kjetegildet» arrangert på Karlsborg Spiseforretning i Oslo. Der eit av hovedmåla med arrangementet var å sette søkelyset på at geitekjøtet ikkje bør kastast.

– Og 3. mars 2018 – på Sandane – vert det nytt Kjetegilde , der Torstein er arrangør og pådrivar.

– Men, kor lenge har du vore med i Småbrukarlaget?

– Ikkje så lenge, nokre månadar

– Kvifor er du medlem?

– Eg ser det som viktig for bøndene å stå saman om eit felles mål. Vi er sterkare i lag.

Torstein er i gang med eit nytt prosjekt i lag med 4 andre bønder.

«Rettferdig betaling til bonden». Sal av geitekjøt direkte frå produsent – og bøndene får godt betalt.

- Det er fantastisk – seier han entusiastisk!

Motto: Begynn å gjer ting!

Eg takkar for intervjuet – det vert spanande å følgje sambuarparet i Kandalen vidare!

TINE®

Kva betyr samvirke for deg?

eigar
tryggleik
moderne
sosialt
fellesskap
langsiktig
merkevarer
etterbetaling
rettferdig
rådgjeving
demokrati
verdikjedemakt

Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Ramstad
6811 FØRDE

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON
B

NORGE/NOREG P. P.
posten

«Opplevelsen av at landbruket er på feil spor er enda ikke sterk nok i Norge for å samle en hel bevegelse. Men den kommer. Går det an å tenke seg en tilsvarende bred allianse av norske bønder, miljøvernere, dyrevernere og andre som tromler side om side for å bevare et naturnært norsk landbruk?»

Journalist i Nationen **Kari Gåsvatn** etter demonstrasjonane i Berlin under Grüne Woche

Difor må vi stå saman.
(Vi treng ikkje snakke om ulv. Ikkje jerv heller...)

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Grafisk produksjon: Gunnar-Arne Haaland. Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk AS, Leikanger